





# Ti Turar i Time 2022



Trygg og framtidsretta  
[time.kommune.no](http://time.kommune.no)





## Oversikt turar

1. Brusaknuden
2. Melsvatnet med Brunshammaren
3. Synesvarden
4. Låglia
5. Bjødnalia
6. Stemmen med Brekkeknuten (Kverneland)
7. Ulvarudla
8. Åslandsnuten
9. Ulvatjørn (Lye)
10. Njåskogen

Som turgårar er me på andre sin eigedom og det kan vera dyr på beite der turen går. Hugs desse punkta:

- Dei fleste turane går på innlandsbeite, her gjeld ikkje allemannsretten
- Hald hunden i band og respekter bandtvangen
- Lukk grinder
- Vis omsyn når du parkerer, slik at du ikkje hindrar eksempelvis grunneigarane å koma fram med landbruksmaskinar.
- Hald deg til stien slik du unngår at den vert breidare

Noter på turkortet datoen du var på turen. Det er ikkje utplassert klippetenger.

God tur i jærsk natur!

**Me takkar grunneigarane som tillet og legg til rette for tur på sin eigedom.**



# 1. Brusaknuden

Fottur, 7,8 km, rundtur, middels

## Tilkomst

Turen starter frå parkeringsplassen ved fv. 504, Buevegen, rett aust for Husavatnet.

## Turinformasjon

Turen er ein topptur til Brusaknuden, som er den høgaste toppen på Jæren, og er 432 moh.

Turen startar på gardsveg opp til Kartavatnet. Her deler vegen seg. Følg vegen langs vatnet slik skiltet viser. Stien held fram i skogen og til bekken som du må kryssa for å koma på rett sti vidare. Nå går det bratt oppover Bruaberget. Deretter går stien rundt sørsida av Toraknuten før den siste oppstiginga til Brusaknuden begynner. Du kan ta returen same vegen eller fortsetta på merka rute nordover mot Ognedalsstølen. Før du kjem heilt ned til Ognedalsstølen tek du av grusvegen til venstre, der det er skilta til Kartavatnet og p-plass. Følg så stien tilbake til p-plassen ved Husavatnet.

Turen kan også kombinerast med tur til Karten. Turen opp hit går på god grusveg og du får fin utsikt frå toppen som er 421 moh. Til Karten er det mogleg å koma opp med barnevogn.



Produisert 23.03.2022 av LD,  
geodatteskjemaen, Tine kommune



# 2. Melsvatnet med Brunshammaren

Fottur, 4 km, rundtur, enkel

## Tilkomst


Denne turen kan du starta på ein av dei tre parkeringsplassane rundt Melsvatnet. Parkering er skilta frå Ålgårdsvegen, fv.506, mellom Lye og Ålgård. Turen rundt Melsvatnet er tilgjengeleg for alle.

## Turinformasjon

Dette er eit populært område, der du òg finn fleire badeplassar. Og ja, det er fin fisk i vatnet! Turen går på godt underlag gjennom vekslande terreng. Stien er solid og godt fundamentert, med slake opp- og nedoverbakkar, stort sett med godt overblikk over vatnet.

Ta gjerne turen via Klubben, som er skilta frå hovedtrasèen. Den går inne i skogen og på ujamnt underlag, og passer fint for både barn og vaksne. Fleire flotte utsiktspunkt undervegs på turen, mellom anna den godt merka stien opp til Brunshammaren (179 moh).

Ved Melsvatnet, på den miderste p-plassen, er det lagt ut kanoar. Dei kan du leia via [www.frilager.no](http://www.frilager.no)



Haraberget

Produisert 23.03.2022 av LD.  
geodataseksjonen, Time kommune



# 3. Synesvarden

Fottur, 3,5 km (Tovdalsv.), 5,5 km (Holmavatn), tur/retur, enkel

## Tilkomst


Du kan starta turen frå parkeringsplassen ved Holmavatn i Hå kommune, eller frå parkeringsplassen ved Tovdalsvegen, fv.133. Det er god parkeringskapasitet begge plassar. Stien er godt merka frå begge utgangspunkta.

## Turinformasjon

Synesvarden ligg i Time kommune og er 359 moh. På toppen av Synesvarden har du oversikt over heile Jæren og kan sjå heile sju kyrkjesokn. Området er verna som landskapsvernområde og viser korleis mykje av Jæren såg ut for meir enn 50 år tilbake. Det var i dette landskapet Arne Garborg vandra omkring og fekk inspirasjon til skivinga si.

Turen kan forlengast til Steinkjerringa og tilbake til Holmavatn og du får ein fin rundtur. Denne rundturen er merka, og er om lag 8 km lang.





Holma-  
vatnet

Storamoset

Roma-  
vatnet

Steinkjerringa

Synesvarden

HA  
TIME

TIME  
HA

Kunta

Ras

Kartakalven

Tovdsvegen

Tovdsvegen



# 4. Låglia

Fottur, 6,7 km, tur/retur, middels

## Tilkomst


Frå Undheim følgjer du Sikvalandsvegen, fv.201, forbi Knudaheio mot Sikvaland. Det er skilta til parkeringsplass på begge sider av vegen. Vis omsyn når du parkerer, slik at du ikkje stenger gardsvegen.

## Turinformasjon

Turen går først i terrenget før ein kjem til jordbruksveg. Nokre plassar kan det vera blautt, så hugs gode sko. Turen har enkelte bratte parti, så turen kan opplevast krevande for små barn.

Låglia er ein gammal buplass, der folka budde og levde året rundt. Det var ikkje nettopp noko lettvinnt liv dei hadde. Men «steinauga» hadde dei. Sjå sjølv og vert imponert, ikkje minst av steinarbeidet deira.


Ver merksam på storfe på beite store delar av året i dette området. Dei er stort sett snille og greie, men kan vera lettskræmde – og forvitne på framande hundar.



Produisert 23.03.2022 av LD  
geodatastasjonen, Time kommune



P



TIME  
BJERKREIM

GJESDAL  
TIME

# 5. Bjørnalia

Fottur, 7,3 km, rundtur, middels

## Tilkomst

Det er skilta til p-plass i Sælandsskogen frå Sælandsvegen, fv.205.


## Turinformasjon

Turen til Bjørnalia er ein rundttur gjennom Urådalen til Bjørnalia og tilbake til p-plassen via Sjelset.

Frå p-plassen følgjer du turstien mot Urådalen og forsett mot Moldtjørn og vidare mot Bjørnalia. Tilbaketuren går om Sjelset på traktorveg. Stien inn Urådalen er steinete, og det kan i perioder vera ganske vått på stien.

Bjørnalia er ein nedlagd husmannsplass.

Du kan også ta ein tur opp på toppen av Blåfjellet. Då følgjer du skilting til Sælandsfjellet. Turen er markert på kartet.



Produisert 23.03.2022 av LD,  
geodataselskapen, Trine Kommune



Taksdalsvatnet

# 6. Stemmen med Brekkenuten (Kverneland)

Fottur, 4,5 km, rundtur, enkel

## Tilkomst

Turen startar ved Smiå på Kverneland, kor det er mogleg å parkera. Turen er merka med skilt med røde T-ar på. Du kan ta turen både med sykkel og barnevogn, med unntak av siste stykket opp til Brekkenuten.


## Turinformasjon

Ole Gabriel Ueland etablerte si første smie i 1879. Denne er i dag eit museum. I 1895 vart det bygd ein demning med kanalar som fungerte som energimagasin for Kverneland fabrikk.

Turen går frå smia til Stemmen. Frå Stemmen følgjer du Frøylandsåna forbi Kverneland omsorgssenter til gapahuken i friluftsområdet Kræjen. Turen går vidare på grusveg bak gapahuken og mellom byggefelt og landbruksjord. Løfter ein blikket mot nordaust kan ein sjå Brekkenuten.

For å koma til Brekkenuten, tek du til venstre og følgjer grusvegen vidare mot bustadhuset på toppen av bakken. Her tek du til venstre og følgjer stien til du kjem på toppen som ligg 137 moh. Ta same vegen tilbake, men forset rett fram og inn Brekkevegen og vidare inn i byggefeltet Floen. Turen går på gang- og sykkelveggar tilbake til Smiå.

Ved Agriparken i Gåsevika er det sett opp ein ny flott gapahuk. Her kan du nyta nista di medan du nyt utsikta over Frøylandsvatnet. I Gåsevika er det og lagt ut kanoar som du kan leia via [www.frilager.no](http://www.frilager.no)



Produisert 24.03.2022 av LD,  
geodataseksjonen, Time Kommune



Jørenshel

# 7. Ulvarudla

Fottur, 7 km, rundtur, middels

## Tilkomst

Du kan starta turen både frå Tjåland og Aurenes. Det er skilta til parkering begge stadar frå fv.4410 (201), Sikvalandsvegen. For å koma til parkeringsplassen på Tjåland må du passera gjennom to grinder. **Hugs å lukka desse.**


## Turinformasjon

Rundturen via Ulvarudla er om lag 7 km. Frå Tjåland er det mogleg å gå til Fiskelaustjødn med barnevogn. Turen til Ulvarudla går på gardsveg og i terreng. Turen er merka med raude merkepålar.

I dette landskapet møter du både sauer og geiter som er ein del av skjøtselen av kystlyngheiområda våre. Har du flaks, er kanskje havørna på besøk.

Turen er merka med skilt og raude merkepålar.





# 8. Åslandsnuten

Fottur, 3,5 km, tur/retur, middels

## Tilkomst

Parkering og turstart er frå Bråstein stasjon. Her er det stor parkeringsplass og informasjonstavle. For å koma dit, tek du av E39 til “Skytebane 1” og vidare på bru over Figgjoelva og til parkeringsplassen. Parkering i nærleiken av turskilt.

## Turinformasjon


Åslandsnuten ligg i grenseland mellom Sandnes og Time kommune. Toppunktet ligg i Time kommune og er 302 moh.

Følg merka løype til gul driftsbygning. Her er det sett opp skilt og eit informasjonsskriv frå grunneigar. Turen går bak driftsbygningen og følgjer kanten av dyrka mark mot skogen.

**Gå ein og ein langs dyrka mark, ikkje to i breidda.**

Følg raudmerking over gjerdeklyvarar og mot traktovegen. Ved øvste straummast stopper traktorvegen og turen går i skogen på sti. Det er tydeleg sti som viser kor ein skal gå. Det er raude merke langs stien. Ta same veg tilbake.

**Hugs bandtvang!**



Produsert 23.03.2022 av LD,  
geodataseksjonen, Time kommune



# 9. Ulvatjørn Lye

Fottur, 5 km, rundtur, enkel

## Tilkomst

Utgangspunktet for denne turen er parkeringsplassen ved Monsanut barnehage.

## Turinformasjon

Turen er ein rundtur som stort sett følger skogs- og grusveggar og går i flott kulturlandskap. Turen passerer store myrareal som er blant dei finaste myrene me har i Time.

Frå parkeringsplassen følgjer ein først gang- og sykkelveg nordover langs Lyevegen. Turen fortset på grusveg innover Grasdalen og det er skilta til Ulvatjørn. Turen går forbi Ulvatjørn, på trebru over Joglamyr og gjennom Lerkeskog ned mot Åsvatnet og tilbake til Lye og parkeringsplassen.

Ved Åsvatnet er det etablert ein flott badeplass med badebrygge. Her kan du ta deg ein dukkert på varme dagar.



Produert 23.03.2022 av LD,  
geodataseksjonen, Time kommune



# 10. Njåskogen

Fottur, 3-4,5 km, rundtur, enkel

## Tilkomst

Du kan starte turen i Njåskogen frå Sandtangen på Bryne, Gunnarsberget ved Klepp stasjon og frå parkeringsplassen i Njåskogen.

## Turinformasjon

Det er fleire turalternativ i Njåskogen. Alle turane går på skogsveg med grusbelegg. Turen kan tas til fots, med barnevogn eller sykkel. Det er ei lysløype på 2,7 km, som er vist med raud-prikka strek på kartet.

I tillegg til naturen og skogen, er det fleire opplevingar du kan få med deg på turen, som Midgardsormen og dagsturhytta Frøya.

Midgardsormen, brua over Frøylandsvatnet, finn du ved å følge lysløypa mot vatnet. Det er og skilta til Midgardsormen fleire plassar i Njåskogen.

Dagsturhytta Frøya ligg langs turvegen mellom Sandtangen og Midgardsormen og er plassert like ved Frøylandsvatnet. Her kan du nyta nista di og kikka i ei bok frå hyttebiblioteket.



P

Gunnarsberget

Tegl

KLEPP  
TIME

Frøylandsvatnet

Tegletjørn

Lalandsholmen

Midgardsormen

Sirtjørn

Njaskogen

Heiane

"Frøya"

Steintangen

Langanes

Kvremelandsveg

Øvreskogen

P



Produsert 28.03.2022 av LD,  
geodataseksjonen, Time kommune






Foto: Ingve Lende

**Har du lyst å gå fleire turar?** Sjå Jæren turlag si nettside. Her finn du oversikt over turar med turleiar.

**Nærturar** - Gå på tur der du bur!  
I samarbeid med Jæren Turlag har kommunen merka åtte nærturar. Sjå [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)

Dei fleste turane i heftet er omtala i turboka "Te'Jærs", utgitt av Stavanger Turistforening 2016.

